

Verda sett frå gruvegangen

Nokre tankar etter Future Mine & Mineral, Stockholm 23.–24.02.2021

Om ein ser verda frå langt inn i ein open gruvegang og bare ser ut mot lyset i opninga, kan ein få eit noko sneversynt bilde. I denne gruvegangen sit leiinga for gruveselskapa, men dei er ikkje aleine, dei har selskap av lokale og sentrale styresmakter, av utdannings- og forskingsinstitusjonar og ikkje minst eit lass med konsulentselskap. I denne gruvegangen har dei laga seg eit riktig koselig rom der dei kan dyrke kvarandre og fortelje kvarandre kor samde dei er og at ingen skal kunne truge deira syn på verda og framtida.

Eg har vore på gruvekonferanse. På det internasjonale konferansespråket: *Future Mine & Mineral*, som gikk av stabelen 23.–24.02.2021. I praksis sat vi ikkje i ein gruvegang. Arrangørane sat i Stockholm, dei fleste foredragshaldarar og vi tilhørarar sat heime ved PC-en, men perspektivet på mesteparten av konferansen var akkurat så snevert som i gruvegangen der ein bare ser eitt lys i det fjerne.

100% samsvar

Første del av konferansen var dominert av politikarar og offentlige institusjonar, dei som gir retninga for korleis dei ønsker at mineralnæringa skal utviklast. Og om nokon skulle vere i tvil: Det er 100 % samsvar mellom ønska til leiande norske og svenske politikarar, offentlige organ for geologiske undersøkingar, gruveselskapa sine organisasjonar og dertil tilknytta forskingsinstitusjonar og konsulentselskap.

Første innlegget var ved Anneli Wirten, sjef for SGU (Sveriges geologiska undersökning. Tilsvaret NGU i Noreg). Her var budskapet krystallklar: Vi treng meir mineral, meir gruve drift! Forsyninga av heile 30 mineral er kritisk i EU og denne lista veks stadig. Oppgåva vår er å vinne ut desse minerala. For å komme fram til det karbonnøytrale samfunnet, må vi forenkle løyveprosessen og arbeide aktivt for sosial aksept for gruve drift i folket. Sverige treng derfor ein ny mineralstrategi som tar omsyn til dette. Sett frå eit norsk synspunkt er vi vant med at NGU er svært så gruvevenlig, men vi har enno ikkje sett denne institusjonen som ein så tydelig politisk aktør som den svenske søsterinstitusjonen.

100% clean energy!

Deretter kom ny landshövding i Västerbotten, Helene Knutsson, som kunne fortelje at dei to universiteta i Nord-Sverige begge arbeider nært i lag med gruveindustrien. Nettopp i Västerbotten blir det no reist ein gigantisk batterifabrikk, Northvolt i Skellefteå. Knutsson kunne fortelje oss at denne vil bli drive av 100 % rein energi. Dette kunne ho seie rett etter at ho sjølv hadde fortalt om kor mye mineral som både vindkraftproduksjonen og batteriproduksjonen vil krevje. Men dette blei ikkje kopla saman. Både produksjon og forbruk av energi skal altså kunne få stempelet som heilt rein, utan at innsatsfaktorane i form av mineral, produksjon, transport og montering skal reknast med.

Noreg i første rekke

Fylkesråd for næring i Nordland, Linda Helen Haukland (KrF) hadde den tvilsame æra å representere norske politikarar på konferansen. Det gjorde ho utmerka, sett frå gruvekapitalen sin ståstad. Etter eige utsagn representerte ho eit land som er "global leader in sustainable mining". Intet mindre. At så godt som alle igangverande og planlagte gruver har møtt protestar på miljøgrunnlag, eller at hundrevis av nedlagte gruver held fram å forureine, var ikkje verd å nemne. Innlegget hennar inneheldt alle dei frasene som no er standard til forsvar av norsk gruvepolitikk: Det grønne skiftet, frykt for Kinas dominans i verda, barnarbeid i Kongo, sosialt ansvar og ikkje minst at eventuelle motsetningar med reindriftsnæringa skal løysast gjennom dialog. Enno eit eksempel på at det er typisk norsk å vere sjølvgod.

Nordisk mineralstrategi

Både Noreg, Sverige og Finland har sine nasjonale mineralstrategiar. I tillegg har regionale styresmakter laga egne mineralstrategiar, bl.a. for Finnmark og ein felles for Nord-Noreg. På konferansen blei det tatt til orde for å gå eit steg vidare: Ein felles mineralstrategi for Nordkalotten. Bakgrunnen er bl.a. logistikk- og transportutfordringane. I over hundre år har malm frå Kiruna blitt ført med jernbane til Narvik, men malmutvinninga i Nord-Sverige har no auka slik at han overgår kapasiteten til banen. Derfor er det planlagt dobbeltspor Kiruna-Narvik og det er også aktuelt for andre strekningar. Det er aktuelt å bygge jernbane mellom noverande malmbane og Kaunisvaara nær grensa til Finland, og kople finske gruver på denne. Samtidig blir det planlagt finsk jernbane til Kirkenes, i første rekke av omsyn til mineralutvinninga.

EU tar grep

Mens europeiske land tidligare var i første rekke innafor mineralutvinning, har denne gått kraftig tilbake dei siste tiåra. Dels blei dei rike kjeldene tømte ut, dels fall prisane på verdsmarknaden og dels fann europeisk kapital det meir lønsamt å satse i andre verdsdelar, på rikare ressursar og med billigare arbeidskraft. Til sist var EU kome ned i 3% av verdas mineralutvinning, samtidig med at ein sto for 25% av forbruket. Dette var bakgrunnen for EUs råvareinitiativ, som starta i 2008. Det europeiske instituttet for innovasjon og teknologi oppretta EIT Raw Materials og oppfølginga av dette er European Raw Materials Alliance, som blei lansert hausten 2020. Mineralforsyninga blir no sett som nært knytta til omlegginga til "A more green and circular Europe". Dette er snakk om ei stor satsing. Så langt er det 430 partnarar og eit budsjett på omlag 9 mrd. Euro dei første tre åra. Målet er "Sustainable growth for a green economy".

Om forsyninga av mange mineral har vore kritisk til no, blir det enno meir kritisk framover. Det er snakk om ei mangedobling av verdsproduksjonen av fleire metall, samtidig som EU ønsker å auke sin del.

Dagens avfall – morgondagens ressursar

Det aller meste av dagens gruvedrift består i å ta ut et eller kanskje to metall eller mineral og så deponere resten på land eller i sjø. For 6 år sidan var eg med på ein studietur til nokre gruver på Nordkalotten, som alle bare var ute etter eitt metall kvar. Alle stadene spurte vi om dei hadde nokre planar om å utnytte meir av bergfangsten. Nokre var heilt avvisande, som gullgruva i Kittilä, mens LKAB var blant dei som var samde i at dei burde utnytte meir, og at dei tenkte på det. Det var derfor gledelig å sjå at LKAB på konferansen kunne legge fram eit ganske konkret prosjekt for å ta vare på sjeldne jordmetall, fosfor, gips og fluor frå avgangen frå jerngruvane i Kiruna og Gällivare. Denne planen viser at dette er mogleg, at det kan bli lønsamt og at ein på det viset kan spare naturen for ei rekke nye gruver. Dessverre var LKAB på konferansen aleine om slike idear, det var ingenting å høre om dette frå verken politikarar eller arrangørar.

Urfolk – hinder for utviklinga?

Både i Sverige, Noreg og Finland skjer ein stor del av gruvedrifta i område som er brukt til reindrift og samisk utmarkshausting. Tilsvarande kjem gruver ofte i konflikt med urfolk frå Amazonas til Australia, frå Canada til Sibir. Ei av dei store utfordringane for gruveselskapa blir da korleis ein skal forholde seg til urfolka sin motstand mot gruvedrift. Dette kom fram både under ein eigen sesjon om "Indigenous rights" og i innlegg til fleire av politikarane. Typisk her er innlegget til fylkesråden frå Nordland, som gjorde spørsmålet om forholdet mellom gruvedrift og samar til eit spørsmål om dialog. Sett frå gruveselskapa er det eit spørsmål om tilgang til land, helst med "Social Licence to Operate", men om nødvendig utan. Det blei sagt mange fine ord om Free Prior Informed Consent, men mindre om kva som skjer når urfolka sjølv etter dialog, konsultasjonar og forsøk på oppkjøp ikkje vil gi løyve. Som forskaren Kaisa Raitio frå Sveriges Landbruksuniversitet sa: Urfolka får svare, men svaret "nei" blir ikkje akseptert. Tankane går til Nussir og Nasafjell, der både reindrift og

andre samiske organ har sagt klart nei, men utan at dette har stoppa verken gruveselskap eller styresmakter. Det som kom fram frå gruvenæringa si side kan kort oppsummerast: Dei anerkjenner samar og andre urfolk som "stakeholders" (interessenter), men ikkje som "right holders" eller rettighetshavarar.

Kor var alternativa?

Den gjennomgåande tonen på heile konferansen var meir gruver, meir mineral. Når det gjeld driftsmetodar, var ein mest opptatt av elektrifisering og automatisering. Med unnatak av det nemnde innlegget frå LKAB var det minimalt om betre utnytting av ressursane, om å redusere forureining og naturinngrep, eller om å rydde opp etter tidligare drift. Dette synest knapt å vere i tankane til dagens rådande politikarar, til forvaltninga, gruveindustrien sine organisasjonar og arrangørane av slike konferansar. Heller ikkje var det nokon som tok opp at for mineralutvinning i Norden gjeld ikkje det elles allment godtatte kjente prinsippet at "forureingar betaler".

Kor finst så alternative tankar? Blant anna finst dei i miljørørsla. Om vi tar utgangspunkt i Sverige, der konferansen blei arrangert, har Naturskyddsföreningen utarbeida det dei kallar eit "Mineralhierarki", med prioriterte tiltak for å redusere skadeverknadane ved gruve drift. Dei hadde hatt noko å bidra med her, men var visst ikkje invitert. Det er ikkje spesielt for denne konferansen. Kvart år blir det arrangert slike gruvekonferansar i Norden og elles rundt om i verda, og det er ein regel at miljøperspektiva er så godt som fråverande, sjølv om knapt nokon bransje har så store miljøutfordringar som nettopp mineralnæringa.

Tid for motvekt

Gruveselskapa og deira allierte i politikk og forvaltning er ei mektig kraft. Dei har i stor grad fått ture fram på kostnad av natur og urfolk, og dei får hegemoni i samfunnet med påstanden om at vi må ha meir gruver, ikkje minst for "det grønne skiftet". Skulle eg oppsummere konferansen sin bodskap i ei setning, må det bli: *Jo meir mineral vi vinn ut, jo grønnare er vi.*

Miljørørsla, urfolksorganisasjonar og lokalbefolkning har i omlag eit tiår gjort motstand mot ei rekke gruveplanar i Norden, og bidratt til å forsinke nokre og, i alle fall førebels, stoppe andre. Nokre av dei, som Naturvernforbundet og Naturskyddsföreningen, har kome eit stykke med å utvikle ein alternativ gruvepolitikk, men har ikkje nådd så veldig langt ut med denne. Det har vore litt kontakt mellom organisasjonane over landegrensene, men ikkje eit samarbeid som når opp mot det mineralnæringa er i ferd med å bygge opp.

Gruvenæringa sine forkjemparar tar no til orde for ein felles mineralstrategi for Nordkalotten, evt. heile Norden. Tida synest da å vere moden for ein felles motstrategi. Konferansen "Future Mine & Minerals" har i alle fall lært oss ein ting: Det er fullt mogleg å arrangere ein slik konferanse digitalt, der bare arrangørane og kanskje nokre få føredragshaldarar er samla på konferansestaden, mens andre talarar og tilhørarar deltar over nettet. Det skulle da ikkje vere noko i vegen for at motparten gjør noko tilsvarende, men helst med større moglegheiter for deltakarar til å delta i debatten. Utfordringa er hermed lansert.

Svein Lund